

Ei drøfting av forholdet mellom kultur, normer og kollektive gode i ruralsosiologien

Bjørn Egil Flø

Prøveforelesing
NTNU 5. juni 2015

«*Lett*», skreiv ein kollega av meg på facebook,

«*Barneskirenn*» skreiv ein annan.

Jauda, men då gløyme dei samstundes at det er nett denne typen tematikk sosiologien har bala med i heile si moderne tid.

Kommisjonen har med andre ord gitt meg; den størst moglege samfunnsfaglege oppgåva dei kunne finne.

Heilt sidan Durkheim – har sosiologane søkt å forklare samarbeid mellom menneskjer gjennom å identifisere kva verdiar som er internalisert i oss menneskjer som får oss til å etterleve normer.

Samstundes har økonomifaget – heilt sidan Adam Smith, ja kanskje endatil før han – vore **like** opptatt av samarbeid mellom menneskjer, men då fyrst og fremst av kva insentiv som får egoistiske individ til å samarbeide.

Eg skal altså drøfte forholdet mellom kultur, normer og kollektive gode, og kommisjonen ber meg om å avgrense meg til ruralsosiologien, og det kan i alle fall hjelpe meg eit stykkje på veg.

ei avgrensing til ruralsosiologien



eit møte med eitt nytt ord

«det meste skjedde innanfor **bearkretsen**»

Oppslagsord Ordbokartikkel

[bedarlag](#)
[bedlag](#)

bedarlag *n1*; ei bedlag *n1* krins,
grend der dei bed kvarandre i visse
slag gjestebod



Så lat meg starte der, lat meg starte med å sjå på det særeigne med det rurale, og tilhøvet mellom kultur, normer og kollektive gode på bygda.

- For nokre år tilbake lærte eg meg eit nytt ord. Ikkje nytt i den forstand at det er nylaga, snarare tvert om, ordet er gammalt som alle haugar, men for meg var det likevel nytt.

Det var ein eldre mann i nord Trøndelag som lærte meg ordet, men eg er overtydd om at tilsvarande vaksne personar frå kvar som helst i landet kunne likefort lært meg det same ordet.

Han brukte det då han snakka om korleis samarbeidsrelasjonane i grenda hadde endra seg frå då han var liten og fram til i dag.

- «*Det meste skjedde innanfor bearkretsen*» sa han. Eg forstod nok ordet intuitivt, men det var likevel heilt nytt for meg.
- Bearkretsen slik han sa det er nok ein dialektvariant og skal du finne det i ordboka må du for det fyrste leite i nynorskordboka og så må du søkje på *bedarlag* eller *bedlag*.

I Norsk ordbok finst det også som bedkrins.

Ordet tyder: *grend eller ein krins der dei bed kvarandre i visse slag gjestebod*

- Min mann skildra livet i det gamle bondesamfunnet og korleis det var organisert kring dei stadeigne ressursane, den tilgjengelege teknologien og dei fysiske føresetnadar knytt til geografi og landskap.
- Frå gamalt av utgjorde gjerne grenda dei ytre rammene for mykje av det sosiale livet til grendefolket, både i yrkje og fritid – i den grad det gjekk ann å skilje mellom yrkje og fritid i det gamle samfunnet.
- Her fanst bearkretsane, dei utgjorde maskinsamarbeidet, vêrringen, sankelaget og det meste anna. Her samarbeida dei om vatningsanlegget, vedlikehald av flomvernet og ei mesta uendeleg rekkje av livsviktige oppgåver som elles ingen hadde rekt over aleine.

Godt granneskap var ein viktig grunnkapital for den einskilde, granneskapet var avgjerande for suksess så vel som fiasko i livet.

Eit godt granneskap auka effektiviteten og reduserte risikoen i det daglege, og då var det – ikkje berre greitt – men absolutt rasjonelt å be grannane på gjestebod når odelssonen skulle døypast, konfirmerast, giftast eller i verste fall gravleggjast.

Å invitere grannane til å ta del i familien sine gleder og sorger, styrka banda som dei alle var så djupt avhengige av. Bearkretsen styrka moralen, den vedlikeholdt den lokale kulturen og manifesterte normene sin betyding som grunnpilaren i deira felles samfunn.

Men for meg var det eit nytt ord.

me kjenner ikkje bearkretsen i den nye bygda

bygda er endra

skiftande økonomiske og kulturelle forhold

infrastrukturelle forhold

frå det lokale til det globale



- svekking av den kollektive identitet, stadkjensle og klassemedvit (Beck, Giddens & Lash 1994)
- personlege og varige relasjonar som pregar rurale samfunn vil bli erstatta av fragmenterte, flyktige og upersonlege band (George Simmel 1950, Louis Wirth 1938)
- the great change (Warren 1979 (1963))
- the mass society (Edward Shils 1972)

For me kjenner ikkje bearkretsen i den nye bygda.

- Til det har bygda endra seg for mykje.
- Og endringa er kjenneteikna av skiftande økonomiske og kulturelle forhold.
- I tillegg vil eg stresse dei infrastrukturelle forholda.

Vegar, flyplassar og breiband...., raskare og betre bilar, bussar og tog og beinharde flyselskapseigarar som tyner pilotar, cabintillsette og bakkemannskap til det ytste, har alt bidrege til å gjere bygda mindre og større på same tid.

Det har sett oss i stand til å bu på bygda, medan me lever våre daglegliv i byen.

- Modernitetsteoretikarane har nok nokre poeng når dei hevdar me går frå det lokale til det globale

- Blant dei mest kjente her, finn me slike som Ulrik Beck, Anthony Giddens og Scott Lash, som i 1994 hevda at i det seinmoderne eller høgmoderne samfunnet, har det skjedd ei svekking av kollektiv identitet, stadkjensle og klassemedvit.

Men dei var på langt nær fyrst med desse ideane. Eigentleg har desse tankane prega bygdesosiologien i generasjonar.

- Allereie Georg Simmel og Louis Wirth, hevda begge at modernisering og urbanisering ville øydelegge dei personlege og varige relasjonane som kjenneteiknar dei rurale samfunna og erstatte dei med fragmenterte, flyktige og upersonlege band.
- Og amerikanaren Roland Warren landserte i 1963 sin teori om «The Great Change» der han hevda at dei rurale samfunna vil verte meir differensierte og den einskilde vil i stadig større grad lenke seg opp mot større system som ligg utanfor lokalsamfunnet.

Dette vil svekke dei lokale banda som ein gong femna om mesta alt som skjedde i lokalsamfunnet. Og over tid vil dette også svekke verdien av lokalsamfunnet i folk sine daglegliv - og det som til slutt tel er det som skjer utanfor lokalsamfunnet

- Samstundes kom også Edward Shils med teorien om «The Mass Society» som - i motsetnad til Warren - såg endringa som ein fordel for lokalsamfunnet.

For i «The mass society» ligg det eit sterkt argument for å forlate det territoriale som har vore vanleg for definisjonen av eit lokalsamfunn og heller studere korleis folk vert innlemma i eit felles verdisystem, med trådar ut mot eit større samfunn.

For skal me tru mass society teorien, er ikkje *lokalsamfunn* lenger eins med *det lokale samfunnet*.

nye relasjonar mellom by og land

- ein ny økonomi



«oppkomsten av den nye bygda heng saman med at den gamle bygda endrar seg og med det fylgjer den nye økonomien» (Flø 2012)



«... at dei rurale områda i aukande grad har vorte gjort til gjenstand for forbruk og ikkje einast produksjon» (Flø 2012)

«skilnaden mellom det nye og det gamle ligg i relasjonen mellom produksjon og forbruk» (Cloke 1993)

Men det er ikkje berre bygdebefolkninga sin identitetsorientering som har vore sett på prøve dei seinare åra, også sjølve relasjonen mellom by og land har endra seg betydeleg.

- Det har vokse fram ein ny økonomi i bygdene
- og den har mykje godt røyst seg på ruinane frå den gamle.

Frå stort sett å ha produsert livsviktig forråd for bybefolkninga – i form av mat, tømmer, energi, mineralar og you name it, som det heiter så fint i dag,

- har bygdene etter kvart også vorte leverandørar av rekreativ velferd og vorte gjort til gjenstand for konsum og ikkje einast produksjon.
- Og det er nett det som ligg i den britiske geografen Paul Cloke sin formulering om at «skilnaden mellom det nye og det gamle ligg i relasjonen mellom produksjon og forbruk».

Lat oss sjå litt nærare på nett denne endringa.

Steven Best



- varesamfunnet (*the society of the commodity*)
- skodespelssamfunnet (*the society of the spectacle*)
- simuleringssamfunnet (*the society of the simulacrum*)

Den som eg tykkjer formularar dette best er den amerikanske filosofen og aktivisten Steven Best

- Best er ny-marxist og sterkt inspirert av to eksentriske franske filosofar
- Guy-Ernest Debord og
- Jean Baudrillard

Best skildrar framveksten av den nye økonomien gjennom nettopp å studere forbruket, og hevdar me går

- frå varesamfunnet,
- via skodespelssamfunnet
- til simuleringssamfunnet

varesamfunnet



- kom med penge-
økonomien (Kapitalismen)
- då gjekk gulrota frå å vere
maten åt bonden til å
verte vara som skaffa
bonden maten.
- ein transformasjon frå
mat til matvare
- eksport ut av bygda

Varesamfunnet, seier Best.

- Kom med pengeøkonomien. Hans skildring av varesamfunnet er tungt forankra i Marx sin forståing av kapitalismen.
- I varesamfunnet gjekk - lat oss seie gulrota - frå å vere maten åt bonden, til å verte vara som skaffa bonden maten
- Det skjedde altså ein transformasjon, frå mat til matvare
- Og typisk her var at sjølve forbruket av vara, skjedde utanfor bygda.

skodespelssamfunnet



- ein ny transformasjon av gulrota.
- vara er opplevinga av å sjå bonden stå bøygd i ein haustvåt gulrotåker.
- bonden er skodespelaren og gulrota kulissene i det me opplevde som eit autentisk teater om bygdekultur

I skodespelssamfunnet, som då er inspirert av Debord,

- gjekk gulrota igjennom enno ein transformasjon
- No var vara; opplevinga av å sjå bonden stå bøygd i ein haustvåt gulrotåker
- Bonden er skodespelaren og gulrota er kulissene i det me opplever som eit autentisk teater om bygdekultur.

simuleringssamfunnet



- no står me sjølve i åkeren og simulerer bønder
- me tek bilde av oss sjølve og postar det på facebook

«hva smaker vel bedre enn smoothie etter en herlig dag i åkeren?»



I det siste stadiet – simuleringssamfunnet – startar det heile å verte komplisert.

- I simuleringssamfunnet står me sjølve i åkeren; og simulerer at me er bønder.
- No tek me bilde av oss sjølve og postar det på facebook
- Saman med eit fyndig tweed på 140 teikn

Alt for å projisere oss sjølve, alt for å vise oss fram, for å skape eit inntrykk av at me er betre enn kva me eigentleg sjølv trur me er.

den nye økonomien



- eit skifte av meningsinnhald
- representasjonar for den symbolkonsumerande middelklassa
- symbol i vårt iaugefallande konsum
- ein rekvisitt i vår iherdige projisering av flyktige identitetar.
- nye brukarar med legitime interesser

Kvar av desse overgangane endrar bygda

- Kvar av dei representerer eit skifte av meningsinnhaldet

Ikkje berre for gulrota, men også for landbruket, landskapet so vel som for heile bygda.

Bygda har gått frå å vere staden der folk produserte råvare for eksport ut av bygda

- til å bli representasjonar for den symbolkonsumerande middelklassa
- Den har blitt eit symbol i vårt iaugefallande konsum
- og ein rekvisitt i vår iherdige projisering av flyktige identitetar.
- Den nye økonomien har ikkje berre omdefinert bygda, den har også ført med seg nye brukarar, som søker legitimitet for sine interesser. Og den har gjort bygda meir komplisert.

den nye bygda



- den nye bygda har blitt meir kompleks
- flytande og parallelle nettverk
- større ulikskap i dei økonomiske så vel som dei symbolske interessene og preferansane
- samarbeider kanskje sjeldnare, men uansett på andre områder enn før

det å gjere kultur og normer til viktige parameter i bygdeutviklinga (produksjon av kollektive gode i grendene) kan vere ei utfordring

Den nye bygda har – som om den ikkje var kompleks nok frå før

- – blitt eit enno meir komplekst sosialt system.
- Den består av meir flytande og tildels også fleire parallelle nettverk
- Og truleg er det dekning for å seie at; i det moderne bygdesamfunnet i dag, finst langt fleire og meir ulike interesser og preferansar enn før,
- og kanskje samarbeider bygdefolk også sjeldnare med kvarandre, men uansett skjer gjerne samarbeidet på heilt andre områder i dag, enn kva det gjorde før.

Når ein i lys av dette ser på korleis det er vanleg å definere kultur og normer i sosiologien er det kanskje ikkje så vanskeleg å førestile seg at;

- det å skulle gjere kultur og normer til viktige parameter for bygdeutvikling - eller for produksjonen av kollektive gode i grendene - kan vere ei utfordring.

kultur



eit kollektivt medvit for ei sosial gruppe, der gruppas medlemmar delar ei felles tru og eit felles sett av verdier.

- tru: påstandar om årsaksrelasjonar
- verdier: religion, politiske ideologier, moral og sosiale normer

(Elster 2007)

For kultur seier Elster, og egentleg mange med han, er:

eit kollektivt medvit for ei sosial gruppe, der gruppas medlemmar delar ei felles tru og eit felles sett av verdier.

Trua her inkluderer påstandar om korleis verda ser ut og om korleis ting heng saman, altså årsaksrelasjonar.

Og i nær slektenskap med trua finst også verdiane som inkluderer religion, politiske ideologiar, men også moral og sosiale normer.

grenda



- ei sosial gruppe?
- ei felles tru?
- eit felles sett av verdier?
- ei **slags** sosial gruppe, ei **slags** felles tru, eit **slags** felles sett av verdier

Men kva så med grenda i dag? Går det ann å snakke om grenda som

- *ei* sosial gruppe?

Er det mogeleg å tenkje seg at innbyggjarane i ei moderne grend deler

- *ei* felles tru og
- *eit* felles sett av verdier?

Eg trur ikkje nødvendigvis det, men likevel kan det sjå ut som at innbyggjarane i ei grend deler

- eit slags kollektivt medvit om at dei trass sine mange parallelle sosiale nettverk, trass ulikskapar i tru og kanskje også verdier, likevel utgjer ei slags sosial gruppe.

Altså, me kan lese så mykje moderne samtidsdiagnostiske analysar - av korleis moderniteten har skapt mekanismar som har flytta det sosiale ut frå det lokale - som me berre vil, men likevel ser me at det lokale framleis har gyldigheit.

Me ser det kvar gong me er der. Me ser det når me forlèt kontorpulten vår for å gjere feltarbeid i grendene, me ser det når me ferierar, me ser det når me er invitert til å halde eit foredrag til eit eller anna slags bygdemobiliseringsmøte.

Kort sagt; me ser det heile tida. Bygdefolket snakkar om grenda si, og dei aller aller fleste snakkar då om ME.

Som om dei er ei slags felles gruppe, som dei deler ei slags felles tru og som om dei har eit slags felles sett av verdiar.

lokalsamfunnet



som ideatype (Philip Selznick 1992)

- nettverk av kjensleware relasjonar
 - kvalitativt forskjellig frå relasjonane som pregar andre sosiale grupper
- langsiktig og kontinuerlig sosial samhandling
 - bidreg til forming av identitet samt sosial og økonomisk produksjon og reproduksjon
- resultatet vert ei kjensle av å høyre til
- lokalsamfunnet forpliktar overfor ein delt kultur
 - inkluderer verdier, normer og meining

i praksis

- lokalsamfunna varierer i styrke, avhengig av medlemmane sin kollektive involvering (Calhoun 1980)
- ingen lokalsamfunn har den same grad av identitet, moralsk autoritet, kollektiv mobilisering osv. (Brown & Schafft 2011)
- men for å vere eit lokalsamfunn må det ha ei viss grad av desse eigenskapane (Delanty 2003)

Truleg gjeld enno tidlegare Berkeley professor Philip Selznick sin skildring av

- det idealtypiske lokalsamfunnet som
- eit nettverk av kjensleware relasjonar

kvalitativt forskjellig frå dei som pregar andre sosiale grupper.

- Å vere del av eit lokalsamfunn omfattar langsiktig og kontinuerlig sosial samhandling


som bidreg til forminga av den personlege identiteten samt til sosial og økonomisk produksjon og reproduksjon.

- Resultatet vert ei kjensle av å høyre til – resultatet vert vi-kjensla som Reidar Almås så enkelt kallar det
- Lokalsamfunnet forpliktar medlemmane overfor ein delt kultur, forpliktinga inkluderer verdier, normer og endatil meiningar.

Men Selznick si skildring av lokalsamfunnet er ei ideatype, kva så med

- lokalsamfunnet i praksis?
- I praksis vil lokalsamfunna variere i styrke, avhengig av medlemmane sin kollektive involvering.
- Ingen lokalsamfunn har nøyaktig den same grada av identitet, moralsk autoritet, kollektiv mobilisering og så vidare
- Men for å vere eit lokalsamfunn lyt det ha ei viss grad av desse eigenskapane.

karakteristika ved lokalsamfunnet (grenda)



- storleik og befolkningssamansetjing (demografi)
- verdiar i den lokale kulturen (semiotikk)
- kunnskap og forståing av ulike handlingssituasjonar (politikk, økonomi, natur)
- grad av symmetri mellom befolkningas ressursar og preferansar (makt og interesser)

Inspirert av Ostrom 2005 kap. 1

Kanskje kan ein tenkje seg at styrken i kulturen avheng av ei rekkje karateristika.

Kanskje kan ein tenkje seg at styrken i det kollektive medvitet avheng av til dels observerbare kriterier ved lokalsamfunnet

- Ostrom er så vidt innom dette i sitt fyrste kapittel i boka «Understanding Institutional Diversity».
- Styrken i den lokale kulturen kan variere med storleik og befolkningssamansetjing. Altså med dei meir demografiske faktorane.

Ikkje for stort og ikkje for lite, ikkje for få unge og ikkje for få gamle

For det handlar om samhandling. Det handlar om å møtes, om å sjå kvarandre i augene, og om å snakke saman, om å dele eit minimum av sosiale opplevingar – kort sagt det handlar om interaksjon.

For kultur og normer vert fyrst og fremst formidla og internalisert i oss gjennom interaksjon.

Er du 15 år og veks opp i ei grend med «*berre gamlinga og trygdebygdeharrya*» for å sitere Stein Torleif Bjella, så vert det litt stusseleg. Og det stusselege gjer sitt til at viljen til å gjere ein innsats for fellesskapet vert gitt dårlege kår.

- Kanskje kan ein også tenkje seg at styrken i - og for så vidt også grada av felles eigarskap til – verdisettet, avheng av kor godt desse verdiane er forankra og kommunisert i lokalsamfunnet.

Dette er i slekt med store delar av kultursosiologien og semiotikken

Me snakkar om fiskarmentalitetar og om skogsarbeidarkulturar, enkelte har endatil teke til orde for at det oppstår ein eigen form for kultur blant dei som står ved smelteomnane i fjordbotnane våre. Dei historiske linjene spelar heilt sikkert inn og spørsmålet er; kor fleksible greier me å gjere forteljingane om det som er vårt? Og i kva grad evnar ein å femne om ein størst mogleg del av det vi'et forteljingane er meint å inkludere?

I dag har me hundrevis av program kring om i landet som hevdar å ta mål av seg å skulle bidra til å styrke den lokale identiteten og bygge samhald og styrke. Alle meiner å ha eit underliggande langsiktig mål om å bidra til å gjere lokalsamfunnet kapable til å ta grep over sin eigen situasjon.

Personleg har eg ein gnagande tvil om verdien av desse programma. Eg er usikker på kor vidt desse programma er forankra lokalt eller om dei eigentleg berre er forankra i skallane åt prosjektmakarane.

I fall det siste, er eg redd for at prosjekta snarare verkar framandgjerande enn styrkande for dei det er meint å understøtte.

Men la det ligge no. Og lat oss heller gå vidare til det tredje karakteristika som eg meiner å kunne lese ut av Ostrom sitt kapittel.

- For kanskje kan ein tenkje seg at sjølve forståinga av den eller dei ulike handlingssituasjonane som bygda står overfor også er med på å innverke på kulturen og legge premissane for det kollektive arbeidet med å ta seg sjølv vidare og inn i framtida.

Handlingssituasjonen kan vere avgrensa av ulike ting. Det kan vere politiske hindringar, det kan handle om økonomi eller endatil naturgitte faktorar som fjell og fjord og sørvest kuling og regn.

Dette er i slekt med trua, slik den er inkludert i Elster sin definisjon av kultur. Det er i slekt med årsaksrelasjonane og korleis me ser på trugsmål og moglegheiter for vårt eige samfunn.

Dette minner oss samstundes på effekten eit utanforståande trugsmål kan ha på lokalsamfunnet.

Ingenting er så bra for samhaldet som ein felles fiende.

Anten fienden er rovdyrforvaltinga eller Kommunalminister Sanner, så bles det liv i vår forståing om at me lid ei felles skjebne.

Det siste momentet som eg vil trekke ut av Ostrom sitt kapittel om diversitet og strukturering av menneskeleg samhandling er

- grada av symmetri mellom befolkningas ressursar og preferansar. Det handlar om makt og om viljen til å bruke makt og om befolkningas ulike interesser.

Her ligg kanskje ei av dei største utfordringane for fleire lokalsamfunn framover.

For etter kvart som bygdene har blitt mindre homogene. Etter kvart som dei har gått frå å vere småbruksbygder til å bli pendlarbygder.

Etter kvart som dei har gått frå å vere staden der ein oppheld seg mesta heile livet, til å bli rekreative kolloniar for andreheims-bebuarar og tilfeldig forbipasserande.

Så har også symmetrien mellom folk sine ressursar og preferansar endra seg.

Men eg er ikkje så sikker på om dette vil vere så einsidig negativt for bygdene.

For det handlar mest om vilje til å bruke makta som ligg i ressursane kvar og ein rår over, og om evna den einskilde har til å sjå dei komplekse samanhengane som ligg bak skapinga og vedlikehaldet av det me eigentleg er interessert i.

Det er ikkje sikkert at, sjølv om eg djupast sett er meir interessert i havlyset og det visuelle intrykket av ein rural idyll enn i effektiv mjølkeproduksjon og behova for ei funksjonell fiskerihamn, dermed automatisk vil sette meg i mot tiltak for å legge vilkåra til rette for dei som lever, bur og verkar i lokalsamfunnet.

Det er fort eg evnar å sjå at det nettopp er dei som lever og bur i lokalsamfunnet, som faktisk samstundes produserer dei goda som eg set så stor pris på når eg skal nyte calvadosen min på terrassen.

Kanskje er det større symmetri mellom bygdefolk sine preferansar for kva det rurale er og kva det skal vere, enn ein av og til kan få inntrykk av når ein les aviskronikkar og litterære essays frå salongane i hovudstaden.

kvifor bør bygdeforskarar vere opptatt av den lokale kulturen?



«vi har klare prov for at grupper der medlemmane deler ein kultur for gjengjelding oppnår større suksess enn grupper der medlemmane opptrer som om dei var framande for kvarandre og primært søker kortsiktig profitt for seg sjølv».

Ostrom, foredrag Cornell University 20. mai 2010

Men over til det som kanskje er eit av kjenespørsmåla her, nemleg; kvifor bør bygdeforskarar vere opptatt av den lokale kulturen?

- Her vil eg igjen referer til Elinor Ostrom og eit foredrag som eg var så heldig å få med meg under eit besøk til Cornell University i mai 2010.

- «vi har klare prov for at grupper der medlemmane deler ein kultur for gjengjelding, oppnår større suksess enn grupper der medlemmane opptrer som om dei var framande for kvarandre og primært søker kortsiktig profitt for seg sjølv» sa Ostrom

og kvilte seg på eit hav av empiriske arbeid utfør i regi av det som seinare skulle få namnet «The Vincent and Elinor Ostrom Workshop in Political Theory and Policy Analysis».

- Større suksess, seier Ostrom.

Det handlar altså om gruppas evne til å produsere gode som gir gruppa ein auka samla suksess.

Omsett til bygdesosiologi så betyr det at grenda vert betre til å ivareta grunnleggande ressursar som krevst får å sikre innbyggjarane sin velferd, om dei delar ein felles kultur.

Og det fører oss over på eit anna poeng i denne utsegna frå Ostrom.

For her dreg ho opp eit skilje mellom ein kultur for


- gjengjelding og det å vere
- framand for kvarandre
- og det å søkje kortsiktig profitt for seg sjølv.

Kjennskap til kvarandre og den einskilde sin tidshorisont har altså betyding for kor vidt ein gjengjeldar ei handling.

Den som har levd saman med sine sambygdingar ei tid, og som også ser føre seg å leve saman med sambygdingane i lang tid framover, vil altså vere meir tilbøyeleg til å inngå i samarbeid enn ein som berre droppar innom for ei kort periode.

Men treng det nødvendigvis å vere slik? Ja det er, meiner eg, eit empirisk spørsmål meir enn eit teoretisk spørsmål.

om menneskje - og om kvifor me samarbeider



- Det er funksjonelt
 - kritikk av det oversosialiserte menneskje
 - ein umælande skapning som slavisk følgde normene utan tanke for seg sjølv
- men kritikarane skapte lite alternativ empirisk basert teori om kva som driv oss til handling (Fehr & Gintis 2007)
- samstundes blomstra hovudstraumen av økonomane sin "economic man" førestilling

Men lat oss likevel starte med teorien om kvifor folk samarbeidar

- Det er funksjonelt. Det var lenge den rådande tesa. Det var arven frå
- August Comte,
- Herbert Spencer og seinare både
- Dürkheim og
- Weber.... og endeleg syntetisert gjennom
- Talcott Parsons sitt arbeid.
- Framover på 60 og 70 talet vaks det derimot fram ein betydeleg kritikk av dette perspektivet.

Det skildrar eit oversosialiserte menneskje, sa kritikarane og særleg Parsons fekk gjennomgå

- Funksjonalismen framstiller mennesket som eit umælande dyr som slavisk følgde normene utan tanke for seg sjølv, hevda kritikarane.

I kjølvatnet av kritikken følgde ei heil rekkje retningar i sosiologien. Me fekk

- bytteteoretikarane Homans og Blau, me fekk den fortolkande sosiologien med pragmatismen og Chicagoskulen og me fekk
- Mead og Goffman og me fekk sosialkonstruktivismen med
- Berger og Luckmann og mange fleire retningar i sosiologien
- Men i følgje Fehr og Gintis skapte kritikkarane lite alternativ empirisk basert teori om kva som driv oss til handling.

Og eg kjenner eg kan støtte dei på det.

Det var mykje skrivebordssosiologi som låg til grunn for tenkinga til store delar av desse skallane.

Få greidde egentleg å kome opp med empiriske prov for kvifor me menneskjer samarbeidar.

- Samstundes blomstra hovudstraumen av økonomane sin "economic man" førestilling.

Ei førestilling der mennesket vart framstilt som 100% rasjonell og nyttemaksimerande i ein kvar situasjon utan tanke på situasjonens kompleksitet.

Dette var ei førestilling som få eller ingen egentleg trudde nemneverdig på, den var berre så lett å rekne med.

Og det såg tilsynelatande ut til å funke.

For trass det at mangelen på ein modell for menneskeleg åtferd let sosiologien drive i rom sjø utan anker, har hovudstraumen av økonomifaget knytt seg til feil anker

Fehr & Gintis 2007
eiga omsetjing


Eg tykkjer Fehr og Gintis seier det så bra i denne formuleringa.

- For trass det at mangelen på ein modell for menneskeleg åtferd let sosiologien drive i rom sjø utan anker, har hovudstraumen av økonomifaget knytt seg til feil anker.

For ein modell for menneskeleg åtferd er viktig for sosiologien, om den skal ha relevans for samfunnsutviklinga.

Og som ein reaksjon på det enkelte såg på som ei krise for sosiologifaget, gjekk nokre til laboratoriet.

Dei ville rett og slett finne kva som ligg i oss som menneskjer, som igjen fremmar eller hemmar samarbeid.



Kva lærdom kan ein då trekkje frå laboratoriet? Kvifor samarbeider menneskjer?


- Det er fyrst og fremst dei sokalla offentlig gode eksperimenta som kan lære oss noko om dette.

Eg veit ikkje kor godt dokke kjenner denne typen eksperiment, derfor skal eg no drage ei rask skisse som syner grunnprinsippa

- Tenk dokke fire medlemmar av ei gruppe
- som skal samarbeide om å produsere eit felles gode
- medlemmane får utdelt 20 kroner kvar
- Av den tjuelappen kan dei investere så mykje dei ønskar inn i produksjonen av fellesgodet
- Eigenskapen ved fellesgodet er av ein slik art at den totale summen som vert lagt i felleskassa vert multiplisert med to
- før alt vert ført tilbake til alle medlemmane i gruppa, med likt beløp til alle, uavhengig av den investeringa kvar av dei gjorde

lærdom frå labben - kvifor samarbeider menneskjer?

- offentlig gode eksperiment




Ein maks variant av dette spelet finn me om alle investerer alt dei har i produksjonen av godet.

- Alle legg 20 kroner i potten
- Det gir 80 kroner multiplisert med 2 og dermed 160 kroner i fellespotten
- Som kan tilbakebetalast til medlemmane likt,
- Altså 40 kroner. Kvar av medlemmane har då dubla pengebehaldninga si, frå det opphaveleg 20 kroner til no å sete att med 40 kroner kvar.
- Dette er då reine skjære paradiset

lærdom frå labben - kvifor samarbeider menneskjer?

- offentlig gode eksperiment



Alternativt kan ein tenkje seg at berre **ein** investerer i fellesskapet, og han investerer i tillegg alt han eig.

Resten vel i staden å sete inne å sjå på Hotel Cæsar

- Då vert det berre 20 kroner i kassa og multiplisert med 2 gir det berre 40 kroner
- som igjen vert fordelt tilbake til alle dei fire medlemmane.
- Det trasige då er at den som investerte alt han eigde berre sete at med 10 kroner totalt, medan dei tre karane som sat å koste seg i godstolen, vert sitjande att med 30 kroner i pungen - utan så mykje som å ha løfta ein finger...


Slik kunne me ha halde på lenge, men eg reknar med det er greitt å stogge her



Poenget er at eksperimenta syner at i offentlig gode eksperiment

- utan kommunikasjon mellom medlemmane
- så går mellom 40 og 60 % av oss inn i spelet med ein vilje til å samarbeide.
- Etter kvart avtek rett nok den viljen, men den går eigentleg aldri heilt ned til null. Det til tross for at i dei alle fleste tilfella så burde den det, reint rasjonelt.
- Eit anna interessant empirisk funn frå eksperimenta er at dei som trur andre vil samarbeide er meir villig til sjølve å samarbeide. Det betyr altså at våre idear og vår tru om andre har betydning for våre egne val.
- I tillegg ser ein at til betre ein spelar kan spelet, til større vert viljen til samarbeid. Altså nå ein har skjønt prinsippet i spelet, så slår ikkje det ut i at ein droppar samarbeid rett og slett fordi det er logisk sett det mest rasjonelle, nei ein satsar heller meir på å få det til å funke. Det kan vanskeleg tolkast som noko anna enn at; ja, eg ser korleis dette vil ende, men eg skal i alle fall gjere mitt for å få dette til å virke slik det bør virke. Eg veit skuta vil gå ned, men eg skal i alle fall gå ned med flagget til topps. For det handlar om sjølvrespekt, det handlar om sjølvvakt om å stå for noko og om å flagge moralske prinsipp....

lærdom frå labben - kvifor samarbeider menneskjer?



- offentlig gode eksperiment (med kommunikasjon mellom medlemmane)*
 - Sjølv simpel kommunikasjon mellom medlemmane aukar samarbeidsrata betydeleg
 - Andlet til andlet kommunikasjon løftar samarbeidsviljen dramatisk ved inngangen og gjennom heile spelet
 - ytterlegare løfta vert samarbeidet om medlemmane får lov å sanksjonere dei som yter under gjennomsnittleg innsats
- ei rekkje variablar innverkar på samarbeidet ved meir komplekse spel
 - kriterier for medlemskap i gruppa
 - grad av konkurranse mellom medlemmane
 - grad av sofistikertheit på kommunikasjon, sanksjon, fordeling av utbytte

*J Baland and Platteau, 1996; Bowles, 1998; Davis and Holt, 1993; Feeny et al., 1990; Fehr and Schmidt, 1999; Ledyard, 1995; McCabe, Rassenti and Smith, 1996; Offerman, 1997; Rabin, 1993; Selten, 1991.

Om me då ser på offentlig gode eksperiment der det er opna for kommunikasjon mellom medlemmane

- ser ein at i det ein opnar for kommunikasjon mellom medlemmane går også samarbeidsviljen dramatisk opp.
- Sjølv i enkle eksperiment der kommunikasjonen mellom medlemmane einast vart formidla ved hjelp av simpel data kommunikasjon, der medlemmane kunne gi kvarandre raudekort for å markere misnøye med dei andre deltakarane sin strategi, går samarbeidsrata betydeleg opp.
- Om ein i tillegg opnar for andlet-til-andlet kommunikasjon, så løftar samarbeidsviljen seg dramatisk både ved inngangen til spelet og gjennom heile spelet.
- Ytterlegare løfta vert samarbeidet om medlemmane også for lov å sanksjonere mot dei som yter under gjennomsnittleg innsats.
- Etter kvart som spela vert meir komplekse finn ein også ei rekkje andre variablar som innverkar på samarbeidet.

- som mellom anna om ein legg inn kriterier for medlemskap i gruppa
- og endatil om ein opnar for konkurranse mellom medlemmane så går samarbeidsviljen opp
- og om ein då i tillegg legg inn variasjonar i slike ting som kor sofistikert kommunikasjonen mellom medlemmane skal kunne vere, kor avanserte sanksjonsmekanismer som er lov i spelet og ikkje minst om korleis fordeling av utbytte skal skje. Alt dette er med på å heve samarbeidet i gruppa.

kvifor samarbeider menneskjer?

- lærdom frå labben
 - sjølvaktinga og dei sosiale normene samspekar
 - me er ikkje predisponert til rein egoistisk åtferd
 - men me er sjølvaktande og predisponert med ei gjengjeldingsnorm
 - samhandling og kommunikasjon
 - mogleggjer positive og negative sanksjonar
 - mogleggjer forhandling
 - mogleggjer etablering av reglar

Så altså; kvifor samarbeidar menneskje

- Frå labben har me lært at
- sjølvaktinga og dei sosiale normene samspekar
- me er ikkje predisponert til rein egoistisk åtferd
- men me er sjølvaktande og predisponert med ei gjengjeldingsnorm
- vidare har me lært at samhandling og kommunikasjon er avgjerdande for å skape effektive og velfungerande kollektiv godeproduksjon
- det mogleggjer positiv og negativ sanksjonering
- det mogleggjer forhandlingar mellom gruppas medlemmar
- og det mogleggjer etablering av reglar

ok

- grendene finst og me kan snakke om ein slags felles kultur
 - det finst ei vi-kjensle med varierende styrke
 - demografi
 - semiotikk
 - handlingssituasjon
 - osv....
- menneskje er overraskande villige til å inngå i samarbeid
 - me er sjølvaktande og predisponert med ei gjengjeldingsnorm
- viktige grunnressursar for produksjon av kollektive gode
- men kva med normer?

OK, no har me altså snakka om

- grenda, og me kan anta at grendene finst og at medlemmane – altså inbyggjarane – deler ein slags felles kultur
 - det finst ei vi-kjensle med varierende styrke avhengig av ei rekkje faktorar.
- I tillegg har me sett at menneske er i overraskande grad villige til å gå inn i samarbeid om å produsere kollektive gode og at den viljen veks og vert styrka med auka moglegheit for samhandling.
- me er sjølvaktande og predisponert med ei gjengjeldingsnorm
- alt dette er viktige grunnressursar for eit samfunns evne til å produsere kollektive gode
- men så var det det med normer, og alle fyrst kva er normer?




normer

- kva normer ikkje er:
 - kodifiserte reglar
 - for det følgjer ikkje formelle sanksjonar med normene
 - gjentatt observerbar åtferd
- normer er
 - uformelle
 - føringar for
 - kva me må gjere
 - kva me kan gjere
 - kva me ikkje må gjere

Park Avenue Steak House
Westminster, CA

Eller lat oss heller starte med


- kva normer ikkje er
- det er viktig å skilje mellom normer og det som vert kalla kodifiserte reglar. Altså reglar som det gjerne er forhandla om og som etter forhandlinga har blitt nedskrivne.
 - slike reglar føls gjerne av formelle sanksjonar, det gjer ikkje normene – dei er alltid uformelle, det kan følgje sanksjonar med normene, men dei er i så fall ikkje formalisert.
- Ein annan viktig ting med normer er at me kan ikkje stille oss opp og observere ei gruppe menneskje og definere normer til å vere gjentatt observerbar åtferd. Det er meir komplisert enn som så
- Altså normer er, som nemnt,
- fyrst og fremst uformelle, dei skil seg frå formelle og nedskrivne reglar særleg ved at dei er midre klare på sanksjons type og grad
- i tillegg gir dei oss føringar på tre viktige handlingsval
 - dei fortel oss kva me må gjere
 - og dei fortel oss kva me kan gjere
 - og til sist fortel dei oss kva me ikkje må gjere



Lat oss sjå litt til evolusjonpsykologane også, når me no fyrst er i gong, og korleis dei handterer normer

- om me tek som utgangspunkt at vår rasjonalitet er avgrensa – det kan me vel vere samde om no.... ?
 - då ser me at i komplekse sosiale situasjonar, kan vere vanskeleg å forstå... det kan rett og slett vere vanskeleg å skaffe seg oversikt over, og kalkulere utfallet av, ulike strategiar og handlingar
- Derfor har me utvikla ein evne – lik den me finn for språk – til å lære normer og generelle sosiale reglar. Rett og slett for å forenkle valsituasjonen i dagleglivet.
- Me lærer gjennom interaksjon med andre
- Prøving og feiling er ei primærkjelde, like mykje for læring av individuelle ferdigheiter, som for læring av felles normer og reglar, som bidreg til å auke ei gruppe av individ sine evner til å produsere fellesgode.

Den menneskelege natur er, med andre ord, ein komplisert miks av eigeninteresser og ei særskild evne til å etablere felles interne normer for sosial samhandling, samt ein eigenskap til å underkaste seg normene, så sant dei ikkje går utover vår eiga sjølvvakting.



Men korleis heng alt dette saman?

- går det ei rett line frå kulturen i grenda med det tilhøyrande normsettet og produksjonen av kollektive gode?

Eg trur ikkje nødvendigvis det

Om du tenkjer deg at du flyttar inn i ei grend. Vil du då automatisk ta til deg den lokale kulturen? Vil du då automatisk underkaste deg dei felles normene som gjeld i lokalsamfunnet?

Nei du vil ikkje det... det er fyrst i det du involverer deg i lokalsamfunnet at du har moglegheit til å lære den lokale kulturen.... det er fyrst i det du involverer deg i lokalsamfunnet at det lokale normsettet vert relevant for deg.... før det finst det ikkje i din verden.

Det kollektive godet kjem ikkje frå den lokale kulturen og normsettet aleine.... det trengst aktørar, og det trengst aktørar som involverer seg.

- Det kollektive gode er resultatet av samhandlande aktørar.
- Og det treng dessverre ikkje alltid vere eit gode eingong

Skal det kollektive utbytte av samhandlinga vere eit gode og ikkje eit onde trengst det eit

- solid kollektivt normsystem å kvile seg på. Eit normsystem forankra i aktørane sine intensjonar om å bu i grenda ei god stund framover. Det treng eit normsystem der
- gjengjeldingsnorma – sjølv basisnorma for den menneskelege samhandlinga – vert understøtta av ein
- tillit til at ei beine vert gjengjelda med ei anna beine
- Og tillita er tufta på ei røynslebasert forventning om at; slik er det, for slik har det alltid vore.

Dette er kjernerelasjonane i det sosiale som definerar

- samhandlingsnivået
- og avgjerd kor vidt utbyttet frå det kollektive vert eit onde eller eit gode
- Røynslene og tillita frå aktørnivået, set seg som kollektive minner i grenda. Og i neste omgang vil dette minnet informere grunnlaget for kjernerelasjonane i det sosiale.

Derfor går pilane her begge vegar

- Dei snakkar om det på butikken og det vert nemnt i forbifarta at; «*ja ho Ester, ja ho kan du stole på, ho stiller opp*»

Slik går ordet om sambygdingar, og slik legg ein grunnlaget for at andre skal våge å gå inn i samarbeid, som fordrar tillit om gjengjelding

- Og er grenda passe stor og passe lita så spreia ordet og tillita raskt
- og lettare kan ein semjast om det lokale normsettet

historiene går til heile grenda, dei går til skipsreiaren og til vaskehjelpa, dei går til bonden og til røyrleggjaren og dei går til Jørgen og til Salomon

- Alt etter kor ulike dei er i sine preferansar, alt etter kva maktmiddlar dei set på og alt etter kor villige dei er til å bruke makta, innverkar det på forhandlinga og på kostnaden med å utforme det felles kollektive normsystemet

Slik kan forholdet mellom den lokale kulturen, normer og kollektive gode illustrerast innanfor rammene av grendesamfunnet.

Skal ein skape kollektive gode framfor kollektive onde i eit lokalsamfunn, er det her fire viktige overgangar ein bør vere merksam på.

- 1) grada av tillit og gjengjelding i samarbeidsrelasjonar
- 2) det er forteljingane om grada av tillit og gjengjelding i samarbeidsrelasjonar
- 3) fungerande arena for andlet-til-andlet kommunikasjon
- 4) forhandlinga om etablering av felles interesser

Alt saman kokt ned til eit stadeige kollektivt normsystem som evnar å sele opp Bygdedyret til å bli eit effektiv og hardtarbeidande trekkdyr som dreg heile grenda i ei retning dit me alle vill.

leseliste

- Aimås, Reidar. 1995. *Bygdesutvikling*. Det Norske Samlaget. Oslo.
- Beck, Ulrich, Anthony Giddens & Scott Lash. 1994. *Reflexive modernization: politics, tradition and aesthetics in the modern social order*. Polity Press in association with Blackwell Publishers. Cambridge, Eng.
- Becker, Lawrence C. 1990. *Reciprocity*. University of Chicago Press. Chicago.
- Bell, Colin & Howard Newby. 1974. *The sociology of community: a selection of readings*. Frank Cass. London.
- Best, Steven. 1989. The Commodification of Reality and the Reality of Commodification: Jean Baudrillard and post-modernism. *Current Perspectives in Social Theory* 19:23 - 51.
- Bowles, Samuel & Herbert Gintis. 2005. Social Capital, Moral Sentiments, and Community Governance. I *Moral sentiments and material interests: the foundations of cooperation in economic life*. Redigert av: H. Gintis, S. Bowles, R. Boyd & E. Fehr. MIT Press. Cambridge, Mass.
- Brown, David L. & Louis E. Swanson. 2003. *Challenges for Rural America in the Twenty-First Century*. Penn State Press. University Park.
- Cloke, Paul. 1993. The countryside as commodity: new rural spaces for leisure. I *Leisure and the environment*. Redigert av: S. Glyptis. Belhaven. London.
- Cloke, Paul & Jo Little. 1997. *Contested countryside cultures: otherness, marginalisation and rurality*. Routledge. London.
- Cloke, Paul, Terry Marsden & Patrick H. Mooney, red. 2006. *Handbook of Rural Studies*. Sage Publications. London.
- Douglas, Mary. 1987. *How institutions think*. Routledge & Kegan Paul. London.
- Elster, Jon. 2007. *Explaining Social Behavior - More nuts and bolts for the social sciences*. Cambridge University Press. New York.
- Fle, Bjørn Egil. 2010. Bygd - forståelse og implikasjoner. *PLAN* (5):20-25.
- Fle, Bjørn Egil. 2012. Arealpress i utmark. *PLAN* (3 - 4/2012):76 - 79.
- Henrich, Joseph & Natalie Henrich. 2007. *Why Humans Cooperate: A Cultural and Evolutionary Explanation*. Oxford University Press, USA. Cary, NC, USA.
- Kitts, James A. 2006. Collective Action, Rival Incentives, and the Emergence of Antisocial Norms. *American Sociological Review* 71 (2):235-259.
- Mahoney, James. 2004. Revisiting General Theory in Historical Sociology. *Social Forces* 83 (2):459 - 489.
- Ostrom, Elinor. 1998. A Behavioral Approach to the Rational Choice Theory of Collective Action: Presidential Address. *The American Political Science Review* 92 (1):1-22.
- Ostrom, Elinor. 2000. Collective action and the evolution of social norms. *Journal of Economic Perspectives* 14 (3):137-158.
- Ostrom, Elinor. 2005. *Understanding Institutional Diversity*. Princeton University Press. Princeton.
- Platteau, Jean-Philippe. 2000. *Institutions, social norms, and economic development*. Harwood Academic. Amsterdam.
- Selznick, Philip. 1992. *The moral commonwealth: social theory and the promise of community, A Centennial book*. University of California Press. Berkeley, Calif.
- Shils, Edward. 1972. *The Intellectuals and the Powers, and Other Essays*. University of Chicago Press. Chicago.
- Simmel, Georg. 1950. The Metropolis and Mental Life. I *The Sociology of Georg Simmel*. Redigert av: K. H. Wolff. The Free Press. New York.
- Warren, Roland L. 1972. *The community in America*. 2nd ed. ed, Rand McNally sociology series. Rand McNally. Chicago.
- Woods, Michael. 2011. *Rural*. Routledge.
- Wirth, Louis. 1938. Urbanism as a Way of Life. *American Journal of Sociology* 44 (1):1-24.

